

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2014

Handsaming i møte

Stine Olsen frå Deloitte presenterte forslag til prosjektplan for selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Det vart i møtet levert ut ein redigert papirversjon av prosjektplanen der det er teke høgde for at andre kommunar kan verta invitert til å delta. Den vart godkjend i møtet slik den låg føre, inkludert den delen som gjeld stikkprøvar. Dette betyr at del 2 i punkt 1 og 2 går ut av vedtaket.

Etter dette vart slikt forslag vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet på e-post innan 13.05.14
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i prosjektplanen, inkl. den delen som gjeld stikkprøvar og ev. presentasjon i fylkestinget.
4. Kontrollutvalet ber sekretariatet invitere dei andre eigarkommunane til å delta i denne selskapskontrollen med svarfrist til 31.5.2014.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av november 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.